

Møtereferat - FAU ved Dingemoen skule

Dato:	22.01.2026	Referent:	Julie Vårdal Heggøy	
Stad:	Dingemoen skule, Dale			
	Desse er innkalla:	Møtt	Forfall	Vara
1.	Vegard Skår		X	
2.	Hege Johme	X		
3.	Julie Vårdal Heggøy	X		
4.	Katrine Vesterås	X		
5.	Malene Solheim		X	Ida S. Myklebust møtte
6.	Marie Sigmundsdatter Stølen	X		
7.	Leonora Laukeland Kleiven		X	Martin K. Lundgård møtte
8.	Martin Kramprud Lundgård	X		
9.	Stig Kenneth Hauge	X		
10.	Torkil Sandsund		X	
11.	Ragnhild Tveiten	X		
12.	Eli-Terese Sande		X	

Saksnr.	Sak	Oppsummering	Ansvarleg/Frist
1	Informasjon frå BUF/BTI/Cool Kids v/Jenny Kjøsnæs og Brite W. Ness	Er no tre tilsette knytt til denne hjelpetenesta for barn og unge. Jenny, Brite og Stine. Fokus på psykososiale utfordringar hjå barn/unge – alt mellom helsestasjonen sitt område og før barnevernet vert aktuelt.	

		<p>Med fleire tilsette kan dei jobbe meir delt og strukturert, og dei har meir kapasitet til å bidra. Samarbeider med barnehage og skule. Hjelp til med å tolke åtferd. Kjem tidlegare inn i sakene som finnast. Stiller opp på den arenaen som dei involverte ynskjer, alt frå skulen, heime, i bilen eller ute.</p> <p>For skulen har PPT vore næraste samarbeidspartnar. PPT er primært retta mot læring og mot det psykososiale på gruppenivå. No kan skulen også nytte BUF, som støttar eit anna og meir aukande behov knytt til det å forstå åtferd. Skulen har rettleiingsteam ein gong per månad der helse er med, der dei drøftar dei ulike, aktuelle sakene. BUF gjennomfører foreldrerettleiing i grupper.</p> <p>I "Cool Kids" jobbar Jenny Kjøsnes og Charlotte Willemoes. Fokus på korleis handtere bekymringar/angst. Treng ikkje vere så omfattande problem, men desto viktigare at ein kjem tidleg inn og får rettleia. Har hatt ein pilot på mellomtrinnet. Kjem ein tidleg inn er det lettast å hjelpe borna/ungdommen. Skal vere minst mogleg belastande for alle involverte.</p> <p>PPT: statusmøte kvar 14. dag på eksisterande og nye saker.</p> <p>Eli-Terese informerer om at helsesjukepleiar er på skulen om onsdagane. Det er no tilsett ein sjukepleiar</p>	
--	--	--	--

		<p>som skal jobbe fast på skulen som skal ta skulering. Dette er Katrine Vesterås.</p>	
2	<p>Informasjon frå administrasjon v/ rektor</p> <ul style="list-style-type: none"> • Status administrasjon • Orientering om tilsyn • Resultat frå elevundersøkinga • Arbeid med innsparingar 	<p>Tilsyn frå Statsforvaltaren:</p> <p>Tilsynet skulen hadde før jul vedrørande §12 i Opplæringslova (Aktivitetsplikta) fekk dei svar på frå Statsforvaltaren 19.12.2025. Då kom førebels rapport. Hovudfunn:</p> <p>Skulen må bli tydelegare og meir systematiske ift. dokumentasjon og ha ei felles forståing når ei sak skal meldast vidare. Ein skal sikre at ingen fell mellom to stolar. Terskelen for å melde ei sak vidare skal vere låg, ein mistanke er nok.</p> <p>Det føreligg ein Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø for Fjalerskulen, der administrasjonen på Dingemoen i etterkant av rapport frå Statsforvaltaren har revidert planen og utbetra malverket. Dette for å klargjere ansvar og sikre betre dokumentasjon.</p> <p>Skulen sendte inn tilsvar på førebels rapport frå Statsforvaltaren 09.01.2026, med justerte rutinar og revidert handlingsplan.</p> <p>Resultat frå elevundersøking:</p> <p>Har gjennomført elevundersøking i 7. og 10. klasse. 100% svarprosent (63 av 63 elevar). Skalaen går frå 1 til 5, der 5 er høgast.</p> <p>Følgjande punkt kjem lågast ut:</p> <p>Medverknad (3,5)</p> <p>Arbeidsforhold og læring (3,6)</p>	

		<p>Motivasjon (3,7)</p> <p>Spørsmål om mobbing: om ein har opplevd mobbing 2-3 gongar per månad eller meir); På 7. trinn er dei for få (må vere minst 30 stk) for at ein skal få ut resultat. Her nyttar ein Spekter-undersøkinga i staden. På 10. trinn er det 4,8% som svarar ja på dette spørsmålet, dvs. to elevar. Skulen er kjent med desse 4,8% og har aktivitetsplan.</p> <p>Arbeid med innsparingar: Agenda Kaupang valt som eksterne konsulentar. Var i alt tre aktørar som leverte anbod på dette arbeidet. Kommunedirektør og kommunalsjef oppvekst hadde første møte med Agenda Kaupang 21.01.26 om oppstart og prosjektplan. Dei ynskjer medverknad her. Det har vore gjennomført folkemøte både på Våge og i Flekke vedr. dette. Kan verte aktuelt med folkemøte i Dale/på Dingemoen etter at prosjektplanen er klar.</p>	
3	Fem dagars skuleveke v/rektor	<p>Kommunalsjef oppvekst har utarbeidd eit saksgrunnlag for fem dagars skuleveke for 1. og 2. klasse i Fjaler kommune.</p> <p>Opphavleg plan var å ha saka i kommunestyret i februar, deretter å ha det ute på høyring i seks veker, og få vedtak på kommunestyremøte i mai. Dette går ikkje dersom det skal gjelde frå hausten 2026 av, då Skyss treng tilbakemelding før 01.03.2026 om endringar i evt. skuleskyss. Som følgje av dette har ein landa på at dersom tillitsvalte og FAU stiller seg bak saksgrunnlaget</p>	

		<p>i forkant av formannskapsmøte 05.02.2026 og kommunestyremøte 26.02.26, så kan det vedtakast allereie 26.02.26 slik at ein får meldt inn endringar til Skyss.</p> <p>FAU er i utgangspunktet positive til fem dagars skuleveke for dei to lågaste trinna, men ynskjer eit saksgrunnlag ut til foreldregruppene slik at foreldra vert orienterte. Deretter vil vi i FAU ha eit teamsmøte eller ei avstemming på FAU si Spond-gruppe der kvar enkelt FAU-representant anten røyster for eller imot forslaget. Dette skal gjerast i slutten av januar, slik at vi evt. får utarbeidd ein høyringsuttale før formannskaps- og kommunestyremøte i februar.</p>	
4	Tilbakemelding frå Integreringstenesta v/ rektor	<p>Har fått tilbakemelding frå Integreringstenesta i Fjaler vedrørende foreldremøter.</p> <p>Førsette ynskjer meir kontakt med andre foreldre. Synast det er vanskeleg å komme i kontakt. Kor skal ein sitje under foreldremøta? Er det mogleg å ha ein fast foreldrekontakt som dei kan sitje med? Generelt vil føresette ha meir kontakt med andre foreldre.</p> <p>FAU ber rektor be Integreringstenesta om ei oppskrift/liste over kva dei ynskjer foreldrekontakten i den enkelte klasse skal bistå med. Utover det har vi fadderordninga vår, som vi må få ut i livet.</p>	
5	Plan for foreldremøter vår 2026	<p>Foreldremøta vert haldne mellom vinterferien og påskeferien.</p>	

		<p>På foreldremøte i 1.-4. trinn må smarttelefonfri barneskule vere tema.</p> <p>På foreldremøte 5.-7. trinn må vi ha workshops knytt til same tema.</p>	
6	Felles retningslinjer for jule/adventskalendar	Sak utsett til neste møte.	
7	Oppgradering av uteområde v/Vegard	<p>Vegard ikkje til stades på møtet, men vi diskuterte uteområdet noko likevel.</p> <p>Rektor informerer om at ei arbeidsgruppe er begynt å demontere ballveggen som står feil veg.</p> <p>Vidare har drift opna delar av treverket i eine bygget/skuret på ungdomsskulen slik at dette vart enklare å sjå gjennom/ha oversikt.</p> <p>Dugnadsynskje frå skulen gjeld området ved Demma øvst i Hatledalen. Ynskjer at ein går i dialog med grunneigar og riv gapahuken som står der til nedfalls i dag, og får bygd ny. Rektor sender eit skriv med kva skulen ynskjer til FAU v/Vegard, og så vert dette jobba vidare med. Mål er å søkje Sparebankstiftinga Fjaler om midlar, søknadsfrist 01.03.2026.</p>	
8	Ymse	<p>Sjermbruk:</p> <p>Spørsmål om skjermbruk i lunsj: Ifl. rektor er det retningslinjer på kva elevane ser på. Dei ser at somme ikkje får i seg maten sin om dei ser på skjerm, som er ei utfordring. Skal vere felles retningslinjer på kva elevane får sjå.</p>	

		<p>Rektor forhøyrer seg litt med lærarane om kva som er praksis og kjem tilbake til oss på dette.</p> <p>«Hei-sona»: Skulen vurderer å utvide «hei-sona» si. I dag er det slik at elevane ikkje får bruke skjerm innanfor gjerdet ved inngangen til småskulen og i det ein går inn i bygget. Nokre elevar står utanfor før skulestart for å kunne bruke skjerm, og ein ser at elevane på veg til/frå skulen ser på telefonen heller enn å seie hei til dei dei møter. Vurderer å flytte hei-sona bort til hovudvegen, slik at i det ein kryssar gangfeltet og går inn på skulen sitt parkeringsområde er det ikkje lenger lov med skjerm. Dette for at ein skal sjå kvarandre og helse. Har pt ikkje landa på kva ein skal gjere her.</p>	
Neste møte	Torsdag 12.03.2026		